



sparebanken  
sogn og fjordane



## RESULTAT FRÅ

### Olsokstemne 2023, Hornindal og Markane Skyttarlag



**Tor Gaute Jøingsli Lom og Skjåk** vann årets Olsokstemne. Med serien 50-48-50-99-146 slutta han på 393 poeng. Det var 1 poeng føre Johanna Reksten Nordbygda og Rand med 392 p. På tredje plass Isak Frøysadal Hauge 391 p.

**Anita Lystad Hovdebygda og Ørsta**, vann Einar Øen's minnepremie på Olsokskytinga med 148 poeng. Stemnet vart avvikla under stort sett gode skyteforhold, og det vart vist mykje god skyting også i dei aldersbestemte klassane.

Hovdebygda og Ørsta skyttarlag fekk napp i Olsokpokalen med poengsummen 429. Same poengsum fekk Sunnylven, men med 3 innertiarar meir, gjekk Hovdebygda og Ørsta inn på 1.plass. Det gjorde også til at dei, på dei 3 beste resultat, kom 1 poeng føre Sunnylven, og kunne ta med seg den flotte Olsokpokalen heim til odel og eige.

#### **Vinnrarar av dei aldersbestemte / militære klassane vart:**

R: Emilie Espe, Haugen	347p sølv medalje
ER: Alexander N. Masdal, Vartdal	349p sølv medalje
J: Ørjan Frøysadal Hauge, Sunnylven	349p sølv medalje
EJ: Andreas Valde, Engesetdal / Skodje	341p
Kl.1: Hedda Garlid Hilde, Hornindal og Markane	385p sølv medalje
Kl.2: Torbjørn Høybakk, Langevåg	378p sølv medalje
V55: Arve Halsteinslid, Haugen	388p sølv medalje
V65: Andreas Solvik, Hornindal og Markane	350p sølv medalje
V73: Alf-Henrik Håker, Tresfjord	350p sølv medalje
HK416: Tom Olav Moldskred, H.Fjordane	380p
KIK: Arild Seljeseth, Hornindal og Markane	385p

I lagskyting om Olsokpokalen (2019-2023) deltok i år 8 lag. Hovdebygda og Ørsta med 429 p (Hallvard Sindre minnemedalje, gylt) vann, nr to vart Sunnylven med 429 p (Hallvard Sindre minnemedalje, sølv) og nr tre vart Langevåg 425 p (Hallvard Sindre minnemedalje, bronse). Det deltok 154 skyttarar på årets Olsokstemne, noko som er ein solid og gledeleg oppgang frå i fjar.